



## Bokmeldingar

Christian Cooijmans (red.): *Islands of Place and Space. A Festschrift in Honour of Arne Kruse*. Edinburgh: Scottish Society for Northern Studies, 2022. 330 sider.

Etter 32 år som tilsett ved Universitetet i Edinburgh, Avdeling for skandinaviske studium, gjekk Arne Kruse av med pensjon i august 2021. Kollegaer og venner har heidra han med eit festskrift som inneheld helsingliste, femten artiklar om språklege, litterære og andre emne, eit oversyn over publikasjonane hans fram til 2022 og informasjon om festskriftskribentane. Festskriftet startar med ei helsing frå Angus Robertson, statssekretær for konstitusjonen, utanrikssaker og kultur i den skotske regjeringa. Han peiker på at festskriftet kjem ut 550 år etter at Orknøyane og Skottland skilde lag med Danmark-Noreg, og at Arne Kruse har arbeidd for å synleggjere kva det skandinaviske har hatt å seie for skotsk identitet. I innleiinga fortel Christian Cooijmans og Brigitte Guenier-Kruse om bakgrunn, utdanning, forskning og forskingsinteressene til Arne Kruse. Både innleiingskapittelet og mange av artiklane karakteriserer akademikaren Arne Kruse som ein allrounder med forskingsinteresser innafor fleire fagfelt: onomastikk, historie, kunsthistorie, arkeologi, etnografi og litteratur. Forskinga hans er innafor tidsperiodar frå mellomalderen til i dag, og temaa er knytte til Skandinavia, Skottland og USA. Sidan Kruse har mange faglege interesser og har samarbeidd med fleire forskarar, speglar festskriftet felte han har vore oppteken av og har arbeidd med. Alle skribentane vektlegg at dei set stor pris på Kruse som kollega og fagperson. Det er vanskeleg å sjå kva som ligg til grunn for rekkefølga av artiklane i festskriftet, men her er dei grupperte ut frå tema. Der forfattarane bruker termen *Norse*, bruker eg norrønt.

## Fonologi

Arnstein Hjelde skriv om lydendringar i amerikansk inntrøndsk talemål frå 1980- til 2010-talet. Hjelde kom til Universitetet i Wisconsin La Crosse i 1986 mens Arne Kruse var koordinator på eit prosjekt om norsk språk og kultur. Hjelde har undersøkt talemålet til etterkommarar av folk frå Stjørdals-området. Språket deira blir omtala som *heritage language*, norsk *nedarvingsspråk*, dvs. norsk som minoritetsspråk i møte med engelsk som dominerande majoritetsspråk. Utviklinga av tre fonologiske variablar blir undersøkt. Hjelde viser til at endringar i nedarvingsspråk har blitt forklart som språkleg slitasje av di språkbrukarane sjeldan snakkar norsk, eller at endringane eller variasjonen kan henge saman med ufullstendig læring av målspåket. Undersøkinga kan ikkje gje svar på dette, men Hjelde konkluderer med at den undersøkte variasjonen over tid i amerikansk stjørdalsmål viser at den fonologiske kompetansen held seg godt, og at dette samsvarer med funna til andre språkforskarar.

## Stadnamn

Dei fleste artiklane handlar om stadnamn. Botolv Helleland skriv deskriptivt om jamføringar eller metaforar i norske naturnamn. Ein metafor blir forklart som ein talefigur der eit namn eller eit beskrivande uttrykk blir overført til ein gjenstand eller ei handling som er forskjellig frå, men analog med, den som den bokstavleg tala gjeld. Metaforiske stadnamn er ein viktig del av stadnamninventaret i Noreg, og namngjevinga gjev innsikt i tenkemåten til folk. Alle slags former og figurar i det mentale universet kan bli brukte i namngjevinga av naturlokalitetar, t.d. ord for verktøy, artefaktar, dyr, personar og del av dyr og personar. Også oppkallingsnamn som *Sibir* og *Golanhøgda* fungerer som jamføringar. Ord for kroppsdelar som *nakke* og *skalle* er så frekvente at dei har blitt ein del av det topografiske ordinventaret. Jamvel *såte* f. 'høystakk' kan oppfattast som ein topografisk term. Ordet kan først ha blitt brukt som ein metafor, men har med tida blitt ein topografisk term. Kva som kan reknast som geografiske termar, varierer regionalt og individuelt. Helleland deler metaforar inn i seks grupper: antropomorfe vesen, dyr, kroppsdelar til antropomorfe vesen eller dyr, bygningar, møblar, verktøy, osb., metaforar som spesifiserer i samansette namn, og metaforiske namn med stadnamn som første element. Helleland seier at utvalet av metaforiske fjellnamn frå «western

Norway», som vel er Vestlandet, illustrerer den livlege fantasien til namngjevarane, og at namna først og fremst gjev informasjon om kulturhistorie, sosialhistorie og psykologi.

Berit Sandnes gjer greie for metodane nytta til innsamling av stadnamn i Møre og Romsdal i perioden 1985–1995. Prosjektet var leia av Peter Hallaråker, Høgskulen i Volda, og Arne Kruse var knytt til prosjektet som forskar i 1987–1989. Målet med prosjektet var å samle inn så mange stadnamn som råd var, og vanlege folk fekk opplæring i å samle inn namn, i alt om lag 200 000. Namna blei analyserte av forskarar og digitaliserte, og dei inngår i dag i Fylkesatlas for Møre og Romsdal. Peter Hallaråker såg for seg at materialet kunne nyttast til forskning, men slik har det ikkje blitt sidan namnegransking dessverre stort sett er lagt ned som fag ved norske universitet og høgskolar.

Alan Macniven undersøker førekomsten og fordelinga av namneleddet *dalr* i stadnamn i Skottland. Namna er frå kart, og den største mengda av *dalr*-namn er i det skotske høglendet. Dette er ei anna fordeling av utbreiinga av namneleddet enn den som William Nicolaisen rekna med. Macniven viser til argument for at førekomsten av *dalr*-namna kan komme av at det har vore norrøn kontroll over område utan norrøne bustadnamn.

Brian Smith går gjennom tolkingar og føreslegne heimfestingar av namnet *Pursaker* i *Orkneyinga saga* og *Håkon Håkonssons saga*. Smith tolkar namnet som norrønt *pursakerjum* ‘skjera til kjempene’. Han kjem fram til at namnet *pursaker* i dei to sagatekstane viser til to forskjellige stader, og at begge stadene er vestafor Irland og Hebridane, og at dei kan vere fantasistader. I så fall skulle ein vente at staden ville ha vore oftare omtala i dei litterære kjeldene.

Ryan Foster skriv om seternamn på Caithness. Det norrøne ordet *sætr* er det vanlegaste i Noreg brukt om setrer, og det same gjeld i dei skandinaviske busetjingane rundt Nord-Atlanteren unnateke *sel* på Island og *ærgi* i England/ Skottland og på Færøyane, det sistnemnde eit lån frå gælisk. På Hebridane, Northern Isles og i Cumbria ser ordet *ærgi* ut til å bli brukt om frodigare stader enn *sætr*. Unntaket er Caithness der *sætr*-namn er nytta om meir fruktbare stader enn *ærgi*-namn. *Ærgi* er eit av få gæliske ord innlånt i norrønt trass i at språket alt hadde *sætr*/*setr* frå før. Foster meiner at *ærgi* blei lånt av di ordet hadde ei meir spesifisert tyding enn *sætr*, dvs. ‘stad med fokus på produksjon av mjølkeprodukt’. *Sætr*-namna

finn ein i det nordaustre området av Caithness, og ærgi i sør. Foster drøftar om jordsmonn, temperatur, beiteforhold og vekstsesong kan knytast til distribusjonen av orda sætr og ærgi i namn her. Førekomsten og distribusjonen av seternamn på Caithness ser ut til å vere eit resultat av fleire samverkande faktorar, geografi, busetjingskronologi og seinare språkskifte.

Anke-Beate Stahl skriv om stadnamn på øya Mingulay (av norrønt *mikil* ‘stor’ og *ey* ‘øy’), den nest synste øya i dei ytre Hebridane. Ein går ut frå at øya har hatt busetjing i minst 2000 år, men blei fråflytta i 1912. I 1881 budde om lag 150 personar på øya. Stahl gjer greie for kartlegging av Mingulay og stadnamn på kart. Dei eldste karta er frå det sekstende hundreåret. I tillegg har to personar, i 1892 og 1903, skrive ned og forklart lokale stadnamn. Folk frå naboøya Barra har også opplyst om namn på Mingulay. Dei fleste namna på Mingulay har gælisk opphav, men nokre inneheld norrøne namneledd. Dei norrøne namna utgjer det eldste språklege sjiktet og vitnar om norrøn busetjing. Mange av dei eldste namna inneheld eit gælisk eller engelsk hovudledd saman med eit ugjennomsiktig norrønt namneledd. Stahl jamfører namnebelegg i ulike kjelder og gjev språklege forklaringar på eit krevjande onomastisk materiale, der tre språk inngår. Namna blir presenterte etter lokalitetar. Forkortinga OS blir hyppig referert til, men ikkje forklart. Truleg står forkortinga for *Ordnance Survey Name Books* i kjeldelista. Nokre forklaringar av namn er litt ufullstendige, t.d. forklaringa av *Creag Ruadh* eller *A’ Chreag Dhearg*, som begge blir forklarte som ‘red rock’. Her må ein gjette seg til frå tidlegare forklaringar at *Creag/Chreag* nok er ‘rock’, og *Ruadh* og *Dhearg* har tydinga ‘raud’. *Ruadh* må komme av norrønt *rauðr* ‘raud’, og *Dhearg* må vere gælisk for same tyding, men dette burde ha vore forklart. Fjellnamnet *Hecla* blir tolka som ei samansetning av norrønt *hár* ‘høg’ og *klettr* ‘berg, kolle’, og det blir kommentert at dette er eit namn som ofte er brukt på Island, i Noreg og i delar av Skottland. Det er vanleg å tolke namnet Hekla som eit jamføringsnamn, enten som norrønt *hekla* f. ‘kappe’ eller til reiskapen *hekle* f. (NSL i artikkelen *Heklan*), men slik tolking blir ikkje kommentert av Stahl.

Peder Gammeltoft bruker *Norske Gaardnavne* som kjelde for å vise førekomst og geografisk fordeling av *bolstaðr*- og *staðir*-gardsnamn i Noreg. Det er mogleg å gjere ei slik kvantitativ undersøking på grunn av at gardsnamna i Noreg (unnateke Finnmark) er blitt digitaliserte og ko-

ordinatfesta og derfor tilgjengelege for undersøkingar. Matrikkelen av 1886 ligg i botnen for materialet, men i tillegg er også 1838-matrikkelen og seinare matriklar blitt digitaliserte. Arbeidet med å skilje ut ca. 47 000 gardar frå om lag 2,5 millionar bruk er svært arbeidskrevjande. Namn med *bolstaðr* og *staðir* blir rekna som typisk for vikingtida, og til vanleg blir dei rekna å vise til bustader, sjølv om *staðr* eigentleg tyder ‘stad; stad for permanent tilhald’. Gammeltoft jamfører storleiken på gardane med gardar som inneheld namneledda *vin*, *land*, *heimr*, *setr/sætr*, *þveit* og *ruð*. Gaussisk distribusjonsmodell eller normalfordeling blir brukt til analysen. Gjennomsnittsgarden er 173 hektar. Gammeltoft finn at det ikkje er slik at jo eldre ein gard er, dess større er arealet, slik det har vist seg å vere tilfelle i Danmark. *Staðir*-gardane er litt større enn gjennomsnittstorleiken på gardane, men *-bolstaðr*-gardane har størst areal jamført med alle andre gardtypar, uvisst av kva grunn. Ut frå eit kart over dyrkbar jord jamfører Gammeltoft jordarealet for gardsnamntypane. Det viser seg at *bolstaðr*-gardane har om lag halvparten av arealet for dyrkbar jord jamført med *staðir*-gardane, mens *vin*-gardane har mest av slik jord. Gammeltoft jamfører resultatata for *bolstaðr*- og *staðir*-namn med ei undersøking frå Shetland, men han finn ulike mønster i Noreg og på Shetland.

### Språkskifte

Med utgangspunkt i historisk sosiolingvistikk spør Pavel Iosad om kva vi veit om språkbruken i det nordatlantiske området i vikingtida og seinare. Iosad går ut frå ein situasjon der norrønt var førstespråket til både ein politisk og kulturell elite og til mykje av den lokale allmugen. Kor rimeleg er det at situasjonen i den norrøn-gæliske verda ville gje opphav til endringar i gælisk ut frå språkkontakt? Iosad søker svar i Donald Winfords teori om språkendring og omgrepet *agency*, dvs. at mennesket blir påverka av strukturar i samfunnet, men også sjølv er med på å forme ei utvikling. Ein skil mellom *borrowing* ‘lån’ *L1-agency* og *imposition* ‘pålegg, tvang’ *L2-agency*. I *L1-agency* kjem trekk inn i målspåket grunna språkkontakt via menneske som har lært språket som førstespråk. Språkbrukarane er fleirspråklege og meistrar begge språk like godt, men sameksistensen av to grammatiske system fører til språkleg tilpassing mellom språkssystema, og det er eigentleg ingen grenser for kva som kan bli innlånt. Ved *L2-agency* vil kontaktfenomena først vise seg hos dei som har

lært målspråket slik ein lærer andrespråk, som er vanleg hos vaksne. Språktileigninga er gjerne ufullstendig jamført med L1-språkbrukarar. Ved slik språkkontakt er det overføring av visse typar strukturar, eller forenklingar i grammatikken, som ikkje direkte bygger på mønster i kjeldespråket. I slike situasjonar blir lån i større utstrekning unngått. Språkkontaktsituasjonar av typen L1-agency føreset at det er ei viss mengd av fleirspråklege språkbrukarar i samfunnet, og at språkbruksmønsteret held seg gjennom tida. I situasjonar med L2-agency er det vanleg med raske språkskifte. Barna til L2-generasjonen tileignar seg eit språk som blir deira førstespråk. Ut frå språkbruks- og skiftesituasjonane konkluderer Iosad med at norrønt ikkje har hatt fonetisk eller fonologisk påverknad på gælisk i Skottland, men at det utan tvil har eksistert område med stabil tospråklegheit gjennom tida av typen L1-agency, og at i andre område har språkkontakten vart kortare tid, og ein vil då ikkje kunne rekne med strukturelle påverknader på gælisk frå norrønt.

### **Kulturhistorie**

Guy Puzey, tidlegare student av Arne Kruse, skriv om Aasmund Olavsson Vinje, den første som introduserte nynorsk for miljøet i Edinburgh. Vinje oppheldt seg i Edinburgh i 1862–63 og skreiv då boka *A Norseman's Views of Britain and the British*. Dette er det første skriftstykket på engelsk om målrørsla. Formålet med reisa var at Vinje ville lære om samfunnsforhold, rettstilhøve, tradisjonar og folkeliv i nordre England og særleg Skottland grunna kontakten mellom Noreg og Skottland gjennom tida, både kulturelt og språkleg. Puzey ser på korleis Vinjes tekst har vore med på å forme synet på målrørsla, og han karakteriserer boka som eit kulturkritisk manifest med satiriske element, innslag av reiselitteratur isådd bakhtinsk, grotesk realisme. Puzey argumenterer for at inntrykk frå utanlandsreisa med Vinjes samfunnskritiske nedanfrå-og-opp-perspektiv har vore med på å forme det ideologiske grunnlaget for målrørsla. Puzey jamfører Vinjes inntrykk og reiseskildring med den som H.C. Andersen skreiv etter eit to månaders besøk i England og Skottland i 1847. Vinje og H.C. Andersen hadde ulike inntrykk frå reisene. H.C. Andersen var ein velkjend forfattar som blei teken vel imot av den danske ambassadøren og av aristokratar, mens Vinje fekk hjelp frå ein tilfeldig person for å finne husrom då han kom til London. Vinje hadde med seg tilrådingbrev, men

brukte dei ikkje, for han ville sjå samfunnet nedanfrå. Frå juli 1862 og eitt år frametter var Vinje i London og Edinburgh, mest i Edinburgh, der han fann seg best til rette. Vinje hadde ei romantisk oppfatning om at omgjevnader og ytre forhold som klima er med på å forme folk, samfunn og historie. At han finn seg best til rette i Skottland, forklarar han med historisk slektskap mellom nordmenn og skottar, og han legg for dagen utdaterte førestellingar, som at folk i sør er meir påverka av romersk blod, mens folk i nord har meir av det gotiske i seg.

Eit heilt anna kulturhistorisk tema er behandla av Linda Riddell i ein artikkel om sildefisket på Shetland på slutten av 1800-talet: Arne Kruse kjem frå ein fiskarfamilie i eit kystsamfunn; han var fiskar i yngre år, så det er bakgrunnen for val av temaet. Teksten skil seg ut sidan han ikkje handlar om eit språkleg tema.

### **Folketru og språklege omgrep**

Andrew Jennings skriv om overtru og trolldomskunnskap på Orknøyane og Shetland. Mange har hevda at folk i desse områda hadde overnaturlige krefter og kunne bruke kreftene på ulike måtar. Ord i språket for desse forholda kan sporast tilbake til norrønt, og mange førestillingar kan knytast til norrøne trusførestillingar og trolldomspraksis. Jennings gjev døme på bevarte norrøne ord og førestillingar. Mellom anna nemner han bruken av *spoben*, altså spåbein. Dette var eit bein av ein sau, og beinet kunne brukast av kvinner som venta barn til å spå kjønnet til barnet. Om nokon let beinet falle tre gonger ned i fanget på kvinna mens det blei sagt «Spå bein, spå bein, om vennen min skal ha ein gut eller ei jente!» ville sida som beinet landa på, fortelje kjønnet til barnet. Om den runde sida av beinet viste seg to gonger, ville det bli ein gut. Å spå med øyrebeinet til ein skrei var ein vanleg leik blant ungar i den nordnorske fiskargrenda der eg voks opp. Øyrebeinet kalla vi *spåmann*. Vi la spåmannen på hovudet, nikka og spurde ja/nei-spørsmål. Om beinet fall med den iholige sida opp, var svaret «ja», mens den runde sida var «nei».

### **Litteratur**

Bjarne Thorup Tomsen tar for seg to lite kjende tekstar av Selma Lagerlöf om forholdet mellom Noreg og Sverige. Lagerlöf besøkte Noreg to gon-

ger, i 1902 og 1904, og Larvik, Trondheim og Narvik blei besøkt. Turen nordpå var ein del av forarbeidet til verket *Nils Holgerssons underbara resa genom Sverige* (1906 og 1907). Teksten *Brödlimpa* blei publisert posthumt i 1959 av Lagerlöf-forskaren Erland Lagerroth. Noreg og Sverige blir jamførde med to samansmelta brødemne, ein allegori om det geologiske opphavet og utviklinga av den skandinaviske halvøya. Lagerroth meiner at manuskriptet må ha blitt til før våren 1905, og at det var meint som eit kapittel i *Nils Holgersson*. Ein seinare Lagerlöf-forskar, Ulla-Britta Lagerroth, meiner teksten skulle vere innleining til verket, men unionsoppløysinga i 1905 gjorde at teksten blei sløyfa sidan allegorien om dei samansmelta brøda ikkje lenger passa. Teksten *Värmländsk naturskönhet* frå (1933) fokuserer meir på ulikskapane på kvar side av landegrensa. Den norske naturen er framheva som storslegen og vakker, mens naturen på svensk side ikkje har tilsvarende kvalitetar. Trass i at grensa skapar distanse mellom to nasjonar, fokuserer teksten på dei lange tradisjonane med grensekryssing og at kontakten vil halde fram sjølv om landa ikkje er i union. Teksten er ikkje eit innlegg mot unionsoppløysinga, for Lagerlöf ville ikkje vere med på å skrive under på eit opprop mot unionsoppløysing. Ho sa i 1905 at ho lenge hadde meint at Noreg burde bli eit eige rike.

### **Språk og landskap**

Innlegget til Liv Helene Willumsen handlar om historiske forhold, hekseprosessane i Skottland og Finnmark, og her med fokus på språklege funn som ho har analysert saman med Arne Kruse. Willumsen omtalar «the Arne Kruse Method», som er å undersøke eit saksforhold ut frå fleire fagfelt som fonetikk, grammatikk, etymologi og historie. Kruse har hjelpt Willumsen med å identifisere stader i eit landskap ved Bara kyrkje ut frå informasjon i historiske dokument og innsikt frå arbeid med médnamn. Willumsen peiker på at namnetolkingane til Kruse er tufta på praktisk innsikt i daglegliv og lokal kultur, ei tilnærming ho meiner er ein tradisjon frå namnegranskaren Nils Hallan. Willumsen og Kruse (2014) har i fellesskap skrive om stadnamnet *Ballvollen* i Vardø, som blir tolka som ei omsetjing av namnet *Ball Ley* på Orknøyane. Omsetjinga meiner dei er gjort av skotten John Cunningham, som var lensherre i Finnmark under hekseprosessane på 1600-talet. Willumsen meiner at Cunningham kjente



til Ball Lay, som var knytt til påståtte hekkesamlingar, og at Cunningham introduserte namnet Ballvollen om ein stad i Vardø knytt til det påståtte hekseriet. Namnet Ballvollen finst i rettsdokument frå hekseprosessane i perioden 1621–1624. Namneforskar Nils Hallan har også skrive om namnet og argumenterer, ifølge Willumsen, for den same tolkinga som ho og Kruse. Denne lesaren har ikkje hatt tilgang til artiklane som Willumsen viser til, men stiller seg likevel tvilande til tolkinga av Ballvollen. I alle fall er andre tolkingar moglege. På Russholmen og Risøya i Troms, stader som før var kjende fiskevær, finn vi sletter kalla Ballvollen. Den nedarva munnlege tradisjonen om Ballvollen på Russholmen er knytt til ballspel. Her spela nordmenn og russarar ballspel i pomortida, og tilreisande fiskarar, barn og ungdom dreiv med ballspel kalla «å slå ball», som var velkjent og populært i min barndom på Kvaløya. Namnet Ballvollen finst også i Trøndelag, men namna her viser til stader klassifiserte som *seter*, *setervoll*, *myr* og *skog*, mens dei to nordnorske namna viser til grasvollar ved sjøen (kjelde: [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no)). Meir overtydande enn tolkinga av Ballvollen er påpeikinga av ein felles ideologi og samanfallande språklege uttrykk i både skotske og norske rettsdokument i perioden knytt til John Cunningham.

Festskriftet blir avslutta av ei poetisk reiseskildring, «Homeward Bound», av Hilde Rognskog og Heidi Rognskog Mella. Her blir Arne Kruse plassert inn i sitt heimlege landskap, Veiholmen på Smøla. Omslaget på festskriftet er eit bilete herfrå av Johan Berthelsen, og dei mange bileta frå landskapa som Arne Kruse har vandra i, gjer at lesaren blir godt informert om både fag og fagkrins knytt til han.

## Litteratur

NSL = Jørn Sandnes & Ola Stemshaug (red.). 1997. *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo: Samlaget.

*Aud-Kirsti Pedersen*